



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - APRIL 2022

27. ÅRGANG



Vestnes kyrkje 150 år

Foto: Audbjørg Gjerde Lippert

God Påske!

PÅSKEBODSKAPEN

- GÅR DEN OSS «HUS FORBI»?

Av Finn Arne Roaldsnes



Ting kan gå oss «hus forbi». Vi får det ikkje med oss, eller, det engasjerer ikkje. For mange av oss kan dette også gjelde den kristne påskefeiringa. Den kan gå oss «hus forbi». Den har etter kvart drukna i støyen frå alt anna som vil ha med påska å gjere. Alt det vi menneske vil gjere i påska får vårt fokus, og ikkje det Gud har gjort.

Men like fullt er påskebodskapen her, og ennå har den ei sprengkraft i seg til å bevege og å få oss til å tru på den. Slik som Paulus skreiv det til romarane: «Eg skammar meg ikkje ved evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur.»

Eg vil difor kome med nokre tankar til påskebodskapen som inspirerer og rører meg akkurat no. Eg let kvar av dei 4 dagane få tale:

PALMESØNDAG - Jesus rir inn i Jerusalem og vert hylla som konge og Messias -



Eg tenkjer at dette viser at Gud er bevegelse. Han tar initiativet med å kome til oss. Han er «den første beveger», slik

Gud alltid vil vere. Gud er ikkje borte. Han har eit driv i seg til å nå oss. Han kjem til oss nett slik vi har det. Slik også i denne påska.

Han rir ikkje inn i byen som ein mektig konge på ein kvit hest. Nei, som Skaparen av alle dyr har han valt ut det dyret som er god til å trekke og slite: eselet. Det rir han inn på.

Og så får eselet oppleve at Gud går «tenestevegen» (til meg og deg). Den vegen er dekt av palmer og kapper og med heiarop frå barn som har forstått kva det dreier seg om. Gud i Jesus vil tene oss, først og fremst.

SKJÆRTORSDAG - Jesus vaskar lære-sveinane sine føter og innstiftar nattverden -



Jesus vart skulda for å halde seg i lag med tollarar og syndarar. Det protesterte han ikkje på. Det var naturleg for han. Han

var alltid på lag med fattige, sjuke og dei som ikkje passa inn. Gud nådde inn til dei. Dei kommuniserte med kvarandre. Det hjalp dei.

Denne fellesskapen kom tydeleg fram i det siste måltidet

Jesus hadde med sine: Jesus, den fullkomne og heilage, har samkvem med oss. Dette er difor ein nådefellesskap mellom Gud og menneske der Han gir seg sjølv. Ingen er for liten, svak, utradisjonell eller så skamfaren at han ikkje kan høyre heime hos Gud. **Alle er inkluderte.**

LANGFREDAG - Jesus vert dømd til døden og dør på krossen-




Det høyrest brutalt ut, og er det også, at eit menneske, Jesus, vert straffa med soning og død på grunn av våre brot mot Gud og menneske. Men ved denne døden vart vi frikjøpte! Han kom og frelste oss. Påske betyr forbigang. Straffa går våre hus forbi. Gud forsona seg sjølv med oss, og vi kan eige Guds

fred for alltid. Jesus følgde «kveitekornet si lov». Det aller beste kornet vert brukt til såkorn for at det skal gi stor grøde. Jesus, den fullkomne og difor den aller beste av menneska, gav seg sjølv for at vi alle skulle få leve.

PÅSKEDAG - Jesus står opp frå grava og viser seg for Marta og Maria-

Eg tenkjer ofte på den kontrasten det er mellom den lidande



og den oppstadne Jesus. Det står i Salme 22,15-16 om Jesu liding: Han var så utmatta at han opplevde at beina ikkje hang saman med muskulaturen.

Pinsla var uuthaldeleg. Gudsforlatt vart han. Kva var att? Så: I full kraft står han opp. Alt er lagt bak. No triumferer den oppstadne. Han erklærer på fjellet: «Eg har fått all makt i himmel og på jord!». Denne oppstodekrafta har vi også, og den skal ein gong skape oss nye. Jesus har sigra for oss og vi skal ein gong sigre med han!

Men påskebodskapen handlar nettopp om å «gå hus forbi». Påske på hebraisk betyr **forbigang**. Ennå feirar jødane utfriinga frå Egypt og særleg minnet om at Gud sparte alle som var i hus der dørstolpane var innsmurte med blod frå eit nyfødd lam. Den drepende straffa gjekk dei «hus forbi».

I dåpen vart vi teikna med Kristi kross. Hans soningsblod skal gjelde for meg og deg. Slik blir vi fria ut. Guds straff går oss forbi! **Utstøytte og forkomne.**

Min salme

Av Tormod Lien



Jeg er i Herrens hender i alt som møter meg

Det er ein salme som alltid har følgt meg gjennom mange år. Eg har det relativt bra no, men livet har ikkje alltid vore så lett. Derfor har denne salmen vore ei trøst og oppmuntring for meg, då spesielt det andre verset.

Eg gløymer aldri den eine telefonsamtalen eg fekk ta frå fengselet for snart 40 år sidan. Mor mi tok telefonen som

ho tydeleg hadde venta på. Begge gret, før ho endeleg klarte å sitere frå denne salmen og sa gråtkvalt: Jeg er i Herrens hender, i alt som med meg skjer. I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær. Om jeg i dype daler, må gå den tunge vei, fra himlens høye saler Hans øye følger meg.

*Jeg er i Herrens hender, når dagen gryr mot vest
Hver morgen han meg sender, sitt ord med lys og trøst
Hva dagen vil meg bringe, av glede og av savn
Jeg kan på bønnens vinge, få kraft i Jesu navn*

*Jeg er i Herrens hender, når dagen dør i vest
Min synd jeg stilt bekjenner, for ham min høye gjest
Han gir meg himlens nåde, og setter englevakt
For natten han vil råde, med hellig guddomsnækt*

*Jeg er i Herrens hender, i alt som med meg skjer
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær
Om jeg i dype daler, må gå den tunge vei
Fra himlens høye saler, Hans øye følger meg*

*Jeg er i Herrens hender, når dødsens bud meg når
Mens lyset stilt nedbrenner, fra ham jeg hilsen får
Han gir meg stav i hånne, han gir meg trøst i sinn
Og glemt er ve og vånne, på vei til himlen inn*

Tekst: Erling Tobiassen

Pavestolen og brudestolane i Tresfjord kyrkje

I førre nummeret av Kyrkjebladet fortalte vi om den fem-blada Maria-rosa, eit viktig kristent symbol som dekorerer både ramma til det gamle antemensalet og dei to brudestolane som gamlelæraren Nils Aanes laga til Tresfjord-kyrkja sitt jubiléum i 1978.

Dei som såg på TV-overføringa frå midnattsmessa i Peterskyrkja i Roma nyttårskvelden, la kanskje merke til at paven sin stol - den viktigaste stolen i den katolske verda - også er dekorert med Maria-roser på ryggstøet. Men medan brudestolane våre har tre Maria-roser, har paven sin stol berre to. Symbolspråket bind verda saman!



Kyrkjejubileum - Vestnes kyrkje

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør

Det er jubileumsår for Vestnes kyrkje i år, og mesteparten av jubileumsprogrammet er etter kvart på plass. Programmet for jubileumsåret kjem vi tilbake til etter kvart, men fyrst ynskjer Kyrkjebladet å få litt meir info om nye investeringar og noko av inventaret i kyrkja.

Det første eg legg merke til når eg kjem til kyrkja, er plasseringa. Kyrkja ligg vakkert til på høgdedraget, der ein har god utsikt over Flatevågen, vidare mot Tresfjordfjella, sentrum og over til Vike. På andre sida av fjorden ser ein Molde.



Det har vore 3 kyrkjer her på Vestnes. Når den fyrste kyrkja vart bygd, veit ein ikkje, men det var ei stavkyrkje, nedriven i 1680, og ny kyrkje stod ferdig til bruk i 1682. Denne stod i vestre enden av kyrkjegarden mot Vestnesgarden (sjå biletet). Så i 1867 vart det vedteke at denne gamle korskyrkja skulle rivast, og ei «ny tidsmæssig trekirke oppførest». Materialane frå gamlekyrkja vart selde og nytta til eit bygg i Ørsta. Dette bygget står der enno.

12. september 1872 vart nykyrkja innvigd, og av inventar finn vi mellom anna krusifikset frå 1639 og altertavla frå 1640. På

foten på krusifikset står inskripsjonen: «Jo nærmere døden, jo nærmere livet» og «Den rettferdige av hjertet bevarer Gud». Årstalet 1639 kjem tydeleg fram.



Inne i kyrkja tek soknerådsleiar Håvard Skrede vel i mot Kyrkjebladet og viser rundt.


Nede ved inngangen tenner Håvard lysgloben kyrkja fekk i desember 2000.

Denne vart gjeven som gåve etter tidlegare kyrkje-tenar Johannes Brandsæther. Lysgloben er laga av Karl Ivar Hanken.



Så viser han ein gamal messe-hakel i raud brokade frå 1714 som heng nedst i kyrkja. (Messe-hakel er eit liturgisk klede som vert brukt under nattverden).

Kyrkja fekk orgel i 1920, men det kom nytt orgel til 100-årsjubileet i 1972. Gjennom hausten/vinteren har orgelet blitt renovert og er no klart til bruk.



150 år



I midtgangen heng to lysekroner. Den eldste, som er minst, er frå 1711, og på den andre frå 1801 ser ein tydeleg årstalet inngravert. Mellom desse lysekronene heng kyrkjeskipet «Herman Lehmkuhl», ei gåve kyrkja fekk i 1994. Kyrkjeskipet er laga av Georg Dalseth.



Og framme på venstre side står eit Steinway & Sons flygel som kom på plass for om lag 2 år sidan. Flygelet er finansiert ved innsamla midlar og gåver. På biletet ser vi vikarorganist Gunnar Ajer frå ein konsert i 2020.

Nydelege brudestolar frå rundt 1970 står på begge sider framme i koret. Så ta deg gjerne litt god tid i kyrkja neste gong du er innom på gudsteneste eller Open kyrkje for å ta inventaret i nærare augesyn.



Vidare kan soknerådsleiaren fortelje at kyrkja skal målast utvending i løpet av våren, og at ein er i gong med å få bytte ut velurstoffet på altarringen og preikestolen. Soknerådet har og planar om å få bytte ut ein del benkar fremst i kyrkja med stolar, slik at det vert lettare å få plass til kor og instrument.

Så syner soknerådsleiar Håvard Skrede fram det nye teppet i midtgangen før han ynskjer velkomen til jubileumsprogrammet for kyrkja og vonar mange vil koma og finne plassen sin i kyrkja.



Søndag 1. mai, Vestnes kyrkje, kl. 18.00: Konsert med Forkava

Søndag 22.mai, Vestnes kyrkje kl.18.00: Konsert med Åva'i Bedehusaband

Fredag 10. juni, Vestnes kyrkje kl. 20.00: Konsert med ungdomskoret Respons

Juli, Vestnes kyrkje: Songkveld med Gunnar Ajer

Torsdag 25. august, Biblioteket: Bibelforteljing om Rut v/Anne Kristine Aasmundstveit. Samtale om å vere framand. Musikk

Søndag 11. september, Vestnes kyrkje kl. 19.00: Flygel- og orgelkonsert v/Robert Coates

Søndag 18. september, Vestnes kyrkje, kl. 11.00: Jubileums-gudsteneste v/biskop Ingeborg Midttømme

Torsdag 6. oktober: Foredrag om Bibelen v/Alf Kjetil Walgermo

November: Sveaas: Naturen syng

November, Vestnes kyrkje: Flygel- og fiolinkonsert v/Kvangarnes og Hovde.

Kjeldemateriale: «Jubileumsskrift til 125-årshøgtida for Vestnes kyrkje», 1997.

Intervju med Morten Øveraas

Av Martinus Løvik

Borte på Romsdalsmuseet sit ein ung vestnesing og forskar på saga vår. Vi spør Morten Øveraas om kva som var vegen dit?

- Eg flytta heim for om lag to år sidan, etter fleire år i Trondheim, Oslo og Stavanger. Etter ei tid fekk eg arbeid ved Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal i Ålesund. Våren 2021 vikarierte eg som lærar ved Helland ungdomsskule. Same sommaren fekk eg tilbod frå Romsdalsmuseet om å arbeide som forskar i to år. Det var eit tilbod som eg ikkje kunne takke nei til.

Kva er familiebakgrunnen din?

- Eg vaks opp på Øverås i Vestnes. Eg har to yngre brør. Den mellomste er stipendiat i teknisk kybernetikk og yngstemann tar mastergrad i finans. Lekselesing stod høgt i kurs i barndomsheimen vår, og vi vart alltid oppfordra til å følgje interessene våre.

Kvifor valte du historie?

- Interesse mi for historie vart vekt i historietimane til Eilif Nakken på barne- og ungdomskulen i Tomrefjord. Som ung vaksen vart eg interessert i samfunn og politikk og studerte sosiologi og statsvitenskap i fleire år. Samstundes auka historieinteressa, snart også interessa for teologi. Eg har vel i grunnen kombinert desse retningane i arbeidet mitt, då eg i avhandlinga skriv mest om kulturelle og politiske spørsmål i tida mellom 1814 og 1905.

Kvifor finn du brytningane i åndslivet og tilhøvet mellom politikk og kristendom på 1800-talet så interessante?

- Eg syns det er interessant fordi dette var så sentrale og grunnleggjande spørsmål på denne tida. Dei ligg såleis til grunn i framveksten av det moderne Noreg, og er derfor betydingsfulle for korleis vi i dag forstår fortida og oss sjølve som samfunn. Tilhøvet mellom kristendom, religion og politikk var spørsmål som 'alle' hadde sterke meiningar om. Desse spørsmåla hadde såleis stort potensiale for å skape ordskifte og polemikk, då som no.

Du har skrive om 'Politikk frå preikestolen' og presten Otto Theodor Krohg i Romsdalsmuseet si årbok for 2021, og om 'Lille Theodor og det nasjonale spørsmål' i Vestnes sogelag si årbok 2018. Kjem du framleis til å ha eit fokus på åndslivet i Vestnes på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet?

- O. T. Krohg er ein svært interessant person, både for lokal- og rikshistoria. Han var utvilsamt ein polemikar, men også ein intellektuell som bar til torgs originale og komplekse ytringar som var lese og diskutert av eit stort publikum. Gjennom mange og omfattande ordskifte var det mange framstående personar i Noreg som måtte tydeleggjere seg offentleg etter kritikk frå Krohg. Han hadde såleis ein offentleg posisjon med påverknadskraft, men han måtte også tole mykje kritikk og harselas, både lokalt og nasjonalt.



Foto: Vera Henriksen, Romsdals Budstikke

Gjennom fleire av Krohg sine artiklar får vi innblikk i det lokale livet i Vestnes, som var prega av brytningar, slik som resten av Noreg på denne tida. Derfor er

det verdt å trekke fram ein annan markant sokneprest kring 1900, nemleg Peter Ingvar Bøhn. Sistnemnte var nok ein meir 'innovervendt' type samanlikna med Krohg, men også Bøhn var offentleg aktiv og velkjent over heile landet.

Utanom prestane er det interessant å sjå meir på sivil- og bygdesamfunnet på slutten av 1800-talet og første halvdel av 1900-talet. Her var nok Fylkesskulen på Remmen sentral. Til dømes den relativt ukjende fylkesskulelæraren Tore Steinsvoll, som kring 1920 redigerte to tidsskrift/blad og gav ut ein pamflett der han ikkje mindre enn tok til orde for at samfunnet måtte gjennomgå ein ny reformasjon.

Du pendlar til Molde frå Vestnes. Eg skal ikkje spørje deg om Møreaksen kontra ferje i framtida, men reknar du med å bli i Vestnes?

- Ja, det reknar eg med. Tett før jul flytta eg inn i eige hus på Øverås. Dette er eit eldre hus som vi har pussa opp. Her må eg takke foreldra mine for stor og uvurderleg hjelp. Her ønskjer eg å bu kvar dag resten av livet. Dette avheng sjølvstøtt om eg har fast arbeid i åra framover, men uansett kor eg måtte arbeide, vil eg alltid ha hus i Vestnes.

Kva er det beste med Vestnes, og er det noko du saknar her?

- For meg personleg er det beste med Vestnes at eg kjenner meg heime her. Her er det vakkert, fredeleg og roleg. Samstundes er det kort veg til byar og transport til inn- og utland. Det er også eit stort pluss med nær tilgang til skog, sjø og fjell. Eg kjem ikkje på noko eg saknar her. Det skjer mykje bra aktivitet ute i bygdene og i Helland sentrum. Ikkje minst er det nye biblioteket ei perle.

Du er leiar i Vestnes sogelag. Kva felles interesser har sogelaget og kyrkja?

- Kyrkja har stått sentralt i norsk historie med sine bygningar, prestar, plikter og anna kyrkjeliv. Alt dette bør dokumenterast og diskuterast. Her har historielag og kyrkja felles interesser, slik eg ser det. Det er derfor svært gledeleg at Vestnes kyrkje sitt 150-års jubileum blir markert med eiga bok og fleire foredrag i året vi er inne i.

Kva spørsmål arbeider du med no?

- Ved Romsdalsmuseet er vi i oppstartsfasen på eit prosjekt om kristendom og næringsliv i Møre og Romsdal. Vi er også i gang med prosjekt om Veøya, samt kulturelle kontaktar mellom Tysk-

land og Vestlandet på det tidlige 1900-talet. I tillegg arbeider vi med årboka til museet, og er i avslutningsfasen på eit langvarig prosjekt om fogderistrid i fylket.

Når det gjeld Vestnes sogelag, har vi vedtatt å arbeide med bygdeboksaka. Vestnes har fleire gode bygdebøker, men framleis er det sentrale delar av kommunen som ikkje har fått slike framstillingar. Spesielt saknar mange gards- og slektshistoria og spør etter den. Sogelaget håper at bygdebok-prosjektet kan bli ble teke opp att og fullført. Personleg trur eg dette pro-

sjektet vil skape mykje engasjement i Vestnes. I tillegg vil dette skape interessere ut over kommunen, då Vestnesgarden, Helland og Gjermundnes har stor regional betydning. Lokalhistoria er viktig for å ta vare på og utvikle den lokale identiteten og tilhøyrigheita, både for dei einskilde bygdene, for kommunen og for distriktet.

Kyrkjebladet gratulerer Morten med doktorgraden, og ønskjer han lykke til med arbeidet vidare!

Avhandlinga *Teokratiets folkelærarar* – kva gjekk den ut på?

Av Morten Øveraas

Eg arbeidde som stipendiat ved Universitetet i Stavanger i fire år frå 2017, og skreiv ei doktoravhandling om folkehøgskulane si betydning for nasjonsbygging og demokrati i Noreg fram til året 1905. Eg forsvarte avhandlinga ved offentleg disputas 29. november 2021.

Tittelen på avhandlinga er *Teokratiets folkelærarar. Folkehøgskular og kristeleg nasjonalisme i Noreg ca. 1814-1905*. Teokrati er gresk og betyr gudestyre, eit styresett som er under Guds leiing. Folkehøgskulane har vore sett på som institusjonar som hadde ei nasjonal, liberal og demokratisk kristendomsforståing, men det var òg konservative straumdrag i folkehøgskulemiljøet. Difor stilte eg spørsmål om kva oppfatningar folkehøgskulelærarane hadde om tilhøvet mellom nasjonalt sjølvstende og kristendom, og korleis oppfatningane deira høvde inn i det større biletet av norsk nasjonalisme og nasjonsbygging i perioden mellom 1814 og 1905, då unionen med Sverige vart oppløyst. For å svare på dette granska eg tekstar som var skrivne av dei personane som eg valde å studere.

Hovudkonklusjonen min er at folkehøgskulane var eit uttrykk for den kristeleg nasjonalismen. Denne var ikkje ny i Noreg, og hadde gjort seg gjeldande frå før 1814 og varte lengre enn 1905. Den kristeleg nasjonalismen var bygd på overtydinga om at det nasjonale sjølvstendet var avhengig av den kristne gudstrua til folket. Det avgjerande vart dermed om trua allereie gjorde seg gjeldande på tilstrekkeleg vis, eller ikkje. Teologisk sett vart det eit spørsmål om i kva grad mennesket var fødd med synd eller ikkje. Skulle kvart menneske og folket no realisere sine ibuande gode krefter nedlagde av Gud, eller måtte folket først og fremst omvende seg frå syndene sine og håpe på Guds nåde og velvilje?

Dei første folkehøgskulane i Noreg kom i gang på 1860-talet, og retta seg mot bøndene. Mange av dei sentrale personane i folkehøgskulerørsla var nært knytte til dansk kultur og den danske presten N. F. S. Grundtvig. Grundtvig er kjent som den fremste danske nasjonsbyggjaren og 'far' til folkehøgskulane. I førstninga meinte Grundtvig og venene i Noreg

at Gud styrte dei politiske hendingane på jorda. Gud straffa og lønna folk og statar, alt ettersom dei levde slik Gud ville. Guds frykta ga eit folk kraft til å forsvare seg mot indre og ytre fiendar. Det norske folket hadde gode evner, men måtte først og fremst omvende seg til Gud for få nasjonalpolitisk styrke. Utover på 1820- og 1830-talet fekk Grundtvig eit anna syn på dette. No var ikkje lenger omvending det viktigaste, men at folket utvikla dei ibuande og gode kreftene sine. Mennesket som syndig vart tona ned til fordel eit lysare menneskesyn. Denne synsmåten vart ført vidare i den såkalla norskdomsrørsla – ei laus samling av mål- og ungdomslag.

Folkehøgskulane ville utvikle folket sine ibuande gode krefter, men dei var også opptekne av folket sine syndige og dårlege sider. Ulike folkehøgskulelærarar og andre la ulik vekt på desse to områda. Bjørnstjerne Bjørnson og Olaus Arvesen var talsmenn for den første, liberale synsmåten, medan den siste og meir konservative haldninga hadde talsmenn som Christopher Bruun og Peter Ingvar Bøhn. Dei to siste var medlemmer av den såkalla Vonheim-krinsen, knytt til folkehøgskulen med dette namnet i Gausdal. Krinsen fekk òg ei forgreining til Vestnes, då Bøhn var sokneprest her i åra kring 1900. Til dømes fekk Bøhn bygd eit nytt forsamlingshus på Helland, nettopp kalla Vonheim.

Avhandlinga mi fokuserer slik på den kristeleg nasjonalismen i Noreg, og overtydinga den hadde om at Gud styrte, hjelte og/eller straffa menneske, folk og statar, alt ettersom dei trudde og levde etter Guds vilje og lov. Personane som eg har granska ville lære folket dette, dei var teokratiet eller gudestyret sine folkelærarar. Sjølv om Noreg på 1800-talet ikkje kan kallast eit teokrati, var det såleis eit teokratisk innslag her. Personane og institusjonane som sto for dette vart ofte kritiserte og involverte i opprivande ordskifte. Avhandlinga er eit bidrag til å forstå nasjonalisme og nasjonsbygging i Noreg mellom 1814 og 1905.



MORTEN ØVERAAS
FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA

Teokratiets folkelærarar

Folkehøgskular og kristeleg nasjonalisme i Noreg ca. 1814-1905

Doktorgradsavhandling ved UIS nr. 612 - November 2021

Eit uvanleg gravminne på Fiksdal kyrkjegard

Av Martinus Løvik

På Fiksdal kyrkjegard kan me sjå eit gravminne frå 1912 som er uvanleg på våre kantar. Steinen sjølv er typisk for tida, ein marmorgravstein hogd slik på sidene at det skal sjå ut som om den er oppmura av mange mindre steinar. Det uvanlege er at den har felt inn ei plate, der vi tydeleg ser biletet av ein ung mann. Skrifta på steinen er litt vanskeleg å lese på grunn av mose og lav, men vi ser etternamnet, fødeår og dødsår, og kyrkjeboka fortel at her kviler Ugift skogarbeider Johan Ingvald Gundersen Rekdal, død av tæring på Romsdal pleiehjem, Vestnes.



Bilete på gravsteinane held på å bli 'mote' no, slik det har vore det i Russland og landa nedover i Europa i minst hundre år. På ein italiensk kyrkjegard vil ein sjå bilete på dei fleste gravminna. Kor vanleg dette har vore også i Noreg, har vi ingen statistikk på. Slike steinar kan jo ha vorte tekne vekk for å gje plass til nye graver, men på sørsida av Romsdalsfjorden – frå Innfjorden til Fiksdal – finn vi no berre ein gammal stein med bilete. Det er utruleg at biletet har halde seg så godt og enno er tydeleg etter 110 år.

Somme stader i landet finn vi litt fleire slike steinar. Kyrkjegardseksperter Helge Klingberg og Tove Frøvoll Thoresen hjå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark fortel at det særleg er «mange» slike foto i Sauherad og Bø, ein kan tenke seg at det i dette området har arbeidd ein eller fleire fotografar som har teke med seg metoden etter ei reise eller eit opphald i Italia. Klingberg fortel nemleg at teknologien skal ha vore italiensk, og at fotografiet då er overført til ei glassplate. Mest truleg er liknande teknikk nytta også då gravminnet i Fiksdal vart laga, utan at vi har undersøkt det. Det eldste fotoportrettet på gravminne som Klingberg kjenner til, er eit fotografi frå 1890 på Seljord kyrkjegard. Gravsteinen i Fiksdal er iallfall eit bevaringsverdige kulturminne.



Kyrkjeverja sitt hjørne

Då kan vi endeleg gjennomføre våre arrangement utan dei koronarestriksjonane som vi har hatt dei siste 2 år. Det er godt både for oss som har ansvar for å gjennomføre gudstenester, gravferder, barne- og ungdomstiltak etc., og for dei som er våre tilhøyrarar og brukarar.

Vågstranda kyrkje har no fått automatisk brannvarsling til 110-sentelen i Ålesund. Dermed er alle våre 5 kyrkjer kopla dit. Orgelet i Vestnes kyrkje er ferdig renoverert og omtonert, og ifølge vår kantor er det som å spele på eit heilt nytt orgel. Vestnes kyrkje har også fått nytt teppe i midtgangen, det er av hotellkvalitet og tåler bruk og rensing. Det er Vestnes sokneråd som har gitt det i gåve til kyrkja.

Vestnes kyrkje feirar 150-årsjubileum i år, og i samband med det skal Vestnes sokneråd gjennom heile året arrangere fleire konsertar og andre kulturarrangement. Det er berre å følgje med på vår heimeside, vår facebookside og i lokalavisene utover året for å få informasjon om når dette skjer.

Påska står for tur, og då er det mange gudstenester i alle kyrkjene våre. Eg anbefalar deg å møte opp og få oppleve budskapen om Jesu død og oppstode til frelse for oss menneske, forkynt frå kyrkja sin talarstol.

God og velsigna påske til alle våre lesarar.


Olav Egil Tomren



BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



- Klarar du å teikne ein rett strek med ein linjal?
- Sjølv sagt!
- Godt gjort! Eg klarar det ikkje utan blyant.

Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen



Vitsar

- Eit egg fekk sjå seg sjølv i eit speil.
- Å nei, eg har blitt eit speilegg!
- Pass deg for trappa!
- Kva for ei trapp-app-app-app ...

Kyrkjegarden på Vågstranda

Av Martinus Løvik



Det er sagt at kyrkjebygga er vårt desentraliserte nasjonal-museum, men her høyrer også kyrkjegardane med.

Det me først legg merke til, er det obeliskforma gravminnet ved søraustenden – korenden – av kyrkja. Plasseringa på sørsida av korveggen og helst slik at det draup frå taket ned på grava, var frå gammalt av den gjevaste plasseringa ei grav kunne ha. Slik er det høveleg at denne obelisksen – ei monument-form frå det gamle Egypt, populær hos dei gamle romarane og ei populær form for 'finare' gravminne i klassisk stil sidan 1700-talet – er minnesteinen til ein av Vågstranda sine 'store søner'



og kona, Hans Peter Bjerling (1834-1895) og Sissel Marie f. Lien (1840-1925). Bjerling, som var av dansk offiserslekt, kom frå ein storgard i Rakkestad i Østfold og kjøpte Ner-Våge i 1862. Han kom raskt med i styre og stell, og vart ordførar i Veøy og stortingsmann. Han var og ei viktig drivkraft og bidragsytar då Vågstranda fekk kyrkje i 1870. Obeliskforma



på steinen med jarngjerdet rundt gir like mykje inntrykk av minnesmerke som av gravminne, og det er gjerne meininga? Det er elles fleire obeliskar på kyrkjegarden.

Går vi på nordsida av kyrkja, finn vi meir støypejarn – ei grav med liggande jarnplate, slik det var meir vanleg frå 1700-talet og fram til dei oppreiste gravminna stort sett tok over. Ei liknande plate er teken vare på og ligg ved sida av inngangen til kyrkja. På same måten som støypejarnskorsa



vi kjem til, er desse platene ofte rikt dekorerte med symbol. Her ser vi øvst basunengelen som vekkjer dei døde på Dommens dag, nedst den nedovervendte fakkelen og olivengreina. Den nedovervendte fakkelen er eit klassisk sorgsymbol teke over frå dei gamle grekarane, og olivengreina er eit bibelsk symbol for fred

og harmoni og også håp, som går attende til Noahs ark i 1. Mosebok.

Meir vanlege og ofte av noko nyare dato er støypejarnskorsa, som var svært populære frå omkring 1830 og til litt ut på 1900-talet. Betre støypeteknikk frå omkring 1800 gjorde det mogleg med masseproduksjon, berre med byte av inskripsjonane og symbola.

Vågstranda har jarnkors av to vanlege modellar, medan ingen trekors finst att. Det eine støypejarnkorset har tunge, trekløverblad-forma endestykke (biletet øvst), slik jarnkorsa ofte hadde. Ofte er jarnkors utstyrt med mange symbol, nesten overleste, men her finn vi berre to: trekløveren som symbol på den treeinige Gud, og sørgjeengelen nede ved foten.



Engelen ber ein nedovervendt fakkell i høgre handa og kransen i venstre handa, på biletet delvis

– ei vandring verdt



skjult av blomane. Det klassiske førebiletet her kan vere sigersgudinna Viktoria – sorg no, men sigerskransen ventar i himmelen.

Trekløveren vart nytta som symbol av munken som tok kristendommen til Irland, St. Patrick. Då han vart utfordra om korleis ein gud kunne vere både éin gud og tre, tok han opp eitt kløverblad og sa at slik som kløveren hadde tre delar men var eitt blad, slik var det og med den tre-einige gud. Historisk er legenda i beste fall usikker, men slik vart det grøne trekløverbladet (shamrock) Irlands nasjonal-symbol. Opphavsmannen til støypejarnkorsa med trekløverblad som gravminne vert rekna å vere den berømte tyske arkitekten Karl Friedrich Schinkel først på 1800-talet, korsa vart så introduserte til Noreg av Næs Jernverk på Austlandet. Likevel skal me ikkje lengre enn til Vestnes kyrkjegard for å finne trekløverbladkors rissa inn i ein gravstein frå tidleg 1600-tal.

Det andre støypejarnkorset på kyrkjegarden på Vågstranda har ei lettare, meir leikande utforming, med stiliserte, regelmessig slyngande plantemotiv alltid toppa med små bar-kongler. Barkongla er eit dødssymbol, men òg knytt til evig liv, og i andre samanhengar til fruktbarheit. Det er sjeldan det er fabrikkmerke på støypejarnkorsa, og dei mange store og små støyperia kopierte og 'stal' mønster frå kvarandre nokså fritt. Dette korset er ein modell som er godt kjent frå Hommelvik Værft & Støberi, grunnlagt i 1901 i Malvik i Trøndelag. Truleg er mange av støypejarnkorsa i vår kommune av trøndersk opphav.



Først på 1900-talet vart det så vanleg med gravminne av stein. Desse kunne vere støypte, ofte med innlagte dekorasjonar eller tekstplate av marmor eller keramikk, eller det var hogde støtter anten i marmor eller gråe bergartar. Ålesund-brannen i 1904 skal ha gitt eit oppsving for steinhogginga på Nordmøre, og steinhoggeria gjekk etter gjenoppbygginga av byen over til å produsere gravminne. Vi fekk òg ein avleggar av steinindustrien


på Vågstranda. Høveleg stein skal nordmøringane delvis ha henta i Tresfjord, fortel dagboka til Kristen Fagervik, men det er ei anna historie. I staden skal me sjå på nokre av gravminna frå om lag 1900 og utover mot 1930 – det var ei rik tid med mykje variasjon og stor kreativitet. Ofte ser vi

svært uttala korssymbolikk og Bibel-sitat, men lite av dei klassiske symbola vi finn på støypejarngravminna.

Somme av desse gravminna er svært vakre. Thorvaldsens porselensmedaljongar med Dagen og Natta var populære, sameleis innlagte skriftplater i marmor. Ei populær stilretning, særleg for marmorsteinane, var å hogge dei slik at dei skulle sjå ut som om dei var oppmura av runde steinar. Ein stein på kyrkjegarden er forma som ein spiss gotisk boge, den peikar oppover og får oss til å tenkje på ein katedral. Ein annan er meir forma som ein båt, vi tenkjer på kyrkjeskipet og vår seilas på livets hav (biletet øvst). Elles finn vi på kyrkjegarden heile spennet av gravminne fram til no, du må rusle der sjølv og sjå på form og symbol. Vi syner berre eit vakert nyare gravminne som er interessant fordi det er svært klassisk i forma og dekoren, men samstundes har det dei moderne innslaga med roser kring eit kors, småfuglar på toppen og dei små frittstående figurane nede på bakken.

På veg ut ser vi på sjølve juvelen like ved inngangen til kyrkjegarden – dei gamle, sikkert heimelaga oppreiste tynne hellene som ein periode ofte vart nytta til gravminne.

Vi kan berre seie: gå i Vågstranda kyrkje også om du ikkje er 'vågstrønning', og er vêret lageleg, må du etterpå unne deg ein roleg rusletur på kyrkjegarden. Du kjem rikare ut att!



Endeleg KRIK-tur igjen

Av Ellen Edvardsen

Andre helga i februar kunne KRIK Vestnes endeleg dra på tur igjen til ei aktiv helg med blant anna slalåm, paintball, trampolinepark og badeland.

Fellesskap på tvers av klassar og skular, overnattingsturar og friske aktivitetar har vore nokre av kjenneteikna i KRIK Vestnes gjennom mange år. Smitteverntiltaka mot korona har gjort dette umogleg, og treningane på fredagskveldane i Vestneshallen har også vore prega av kohortar, avstand, ekstra reinhald og ein del avlysingar. Gleda var derfor stor då ei lita busslast med KRIK-ungdommar endeleg kunne dra på vintertur igjen, to år sidan førre gong.



Triveleg tevling på trampolineparken. Even og Amund i aksjon.
Foto: Ellen Edvartsen

KRIK-gjengen overnatta i Sykkylven kyrkje, ei moderne kyrkje med ungdomsavdeling, to kjøken, kyrkjerom, kapell, fleire salar, samt kontoravdeling. Etter å ha rulla ut soveposen var det klart for kveldsmat, bli-kjent-aktivitetar og fellesskap. Kvelden vart avslutta med lystenning og andakt i det fine kapellet.

Laurdag tok nokre av ungdommane turen i skitrekket på Strandafjellet, medan dei fleste vart med bussen til Ellingsøya

til ein nedlagt sildeoljefabrikk som var gjort om til paintballarena. Mange treffe nye venar med høgt adrenalinnivå ;-)

Så gjekk turen til ei intens økt i trampolineparken på Diger-neset, der ungdommane fekk teste både spenst og balanse. På KRIK-turane er det tett program og mykje energi, og vel tilbake i Sykkylven var det felles KRIK-trening med KRIK Sykkylven. Etter ein energisk dag var det jammen godt med taco! Sjølv om mange var slitne, deltok alle aktivt på nok ein kveld med diverse konkurransar, før ei andaktsstund i kyrkjerommet runda av kvelden.

Søndag var det pakking og vasking, før Bybadet i Ålesund vart siste stopp på turen heim. – Folk har det kjekt saman, oppsummerer ein av deltakarane på turen.



Gråvêr, men topp stemning i den fine snøen på Strandafjellet.

Foto: Maria Løvik Salte

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås, Martinus Løvik, Nils-Berge Sundfør, Tormod Lien og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Vi er avhengige av gåver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.

Kontonummer: 4056.20.62124

Kyrkjebladet har fått Vipps.

Vippsnummeret er: 511986

Det er mogleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.

VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

John Sylte, sokneprest

Telefon 45502815 (jobb)/91865064 (privat)

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 94162548 (jobb)

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjevevjerje

Telefon: 94169153 (jobb) / 91629416 (privat)

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Schiøtt, sokneprest

Telefon: 92046870 (jobb) / 92046814 (privat)

E-post: ellen.schiott@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 94160429 (jobb) / 97499175 (privat)

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Telefon: 94142364 (jobb) / 41472908 (privat)

E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor: Telefon: 92226151

E-post: jostein-maude@hotmail.com

Geir Falch, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

Andrew Lange, kyrkjetenar: Telefon: 40548156

Nina Kvernmo, konfirmantlærar

Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

Glimt frå trusopplæringa

Tekst og foto: Ingvild Venås Sánchez



Nokre av tårnagentane i Fiksdal. Her utforska dei mellom anna klokketårnet.



Thor Ringsby forklarar for tårnagentane nokre av symbola som finst i Fiksdal kyrkje.



Tårnagentane i Tresfjord kyrkje fekk blant anna prøve seg på både bøn, song og dans.



Tårnagentane i klokketårnet i Tresfjord.



Bordaktivitet for tårnagentane i Tresfjord.



Lys Vakendeltakarane i Fiksdal fekk prøve seg på drama.

Korset som blir vekkt?

Av Martinus Løvik

Korset er det kristne hovudsymbolet, og har vore svært vanleg på gravminna iallfall dei siste 150 åra. Likevel er det ikkje slik at det er «ukristeleg» ikkje å ha kors eller andre kristne symbol på gravsteinen. Tek me til dømes ein tur på Vår frelsers gravlund i Oslo, vil me sjå at både biskop Smemo og biskop Wisløff kviler under steinar utan korset eller andre kristne symbol, anna enn korset som dødsdatosymbol på den eine steinen. Og vi ser mange andre gravminne utan kors – kanskje har det vore ein sterkare tradisjon for kors ute på bygdene enn i byane?



Også her på bygdene skjer det ei endring som er lett å sjå. Før var kors nærast obligatorisk, og ofte nokså dominerande, som me kan sjå av dei to vakre gravsteinane på biletet. Saman med korset ser vi olivengreiner, eit gammalt freds- og harmonisymbol som skriv seg frå forteljinga om Noahs ark i 1. Mosebok i Bibelen.

Det er annleis no. På ein av kyrkjegardane våre såg eg over dei tre nyaste radene med graver på den nye delen av kyrkjegarden. Dei eldste gravene var frå 2008. I den eldste rada hadde 4 av 13 gravsteinar kristne symbol, på den neste 3 av 9, og på den nyaste 2 av 9. Det er slik eit mindretal av dei nye gravminna som no har kristne symbol, dersom den nye delen av kyrkjegarden er representativ også med omsyn til dei nye gravene på dei eldre delane av kyrkjegarden.

Det som tek over, er ofte båten ved stranda – livets rotur er over. Hjartet møter vi òg ofte, det er nok her meir snakk om eit kjærleikssymbol enn om Jesu heilage hjarte slik mange vil kjenne det til dømes frå den vakre kyrkja Sacre-Coeur – Det heilage hjartet – i Paris.

Rosa er og blitt ein vanleg dekorasjon på gravsteinane. Eigentleg er rosa eit gammalt Jomfru Maria-symbol, men her har det vore ei interessant utvikling. Lenge var korset aleine dominerande. Så vart det meir og meir vanleg med roser ved eller omkring korset, og so forsvann korset heilt og berre rosa vart att, stundom saman med hjartet. Rosa



blir nok ikkje lengre oppfatta som eit Maria-symbol, men berre som ein vakker blomst og eit teikn på kjærleik. Det går gjerne slik med symbola, ein gløymer budskapen og innhaldet slik at symbolet står att berre som ein dekorasjon, eller kanskje får det eit nytt innhald. Sist haust vart det på Utstein kloster halde eit seminar om kyrkjekunsten i mellomalderen, arrangert av katolske organisasjonar og Stavanger Museum. Der fekk me høyre mykje om korleis me har omkring oss det som ein gong var meningsberande symbol, men som no er blitt 'tomme' men vakre dekorasjonar for dei aller fleste. «Den gode vinen er borte, det er berre den pene tomflaska som er att», vil somme meine.



Skikkar endrar seg, og det gjeld så absolutt gravferdsskik-
kane og gravminna, det ser ein når ein gjer ei lita van-
dring på ein kyrkjegard. Utsjånaden på eit gravminne
fortel som regel i kva periode det vart laga. Mange
vil seie det er bra at det er blitt større rom for ei meir
personleg utforming. Korset har aldri vore obligatorisk

jamvel på steinane til kyrkja sine folk, sjølv om det har
ein sterk tradisjon frå dei siste to hundre åra og stor tyngd
som symbol. Sjølv vil eg ikkje vere bunden av tradisjonen.
Samstundes er det godt å ha ein tradisjon å støtte seg til,
det gir både styrke og tilhøyrigheit. Slik at ein ikkje så lett
vert drivgods på livets hav.

Frå mor sin Bibel


Av Martinus Løvik

Når du har sorg, les Johs. 14
Når menneskje svik deg, les Salme 27
Når du har synda, les Salme 51
Når du er trøyt, les Math. 6, 9-34
Når du går til møte, les Salme 87
Når du er i fare, les Salme 91
Når du er ei dårleg humør, les Salme 139
Når du er einsam eller fryktsam, les Salme 23
Når du er motlaus, les Esaias 40
Dersom du vil bera frukt, les Johs. 15
Når tvil kjem over deg, les Johs. 7, 17
Når du gløymmer di velsigning, les salme 103
Når trui di vert prøvd, les Hebr. 11
Når du er nedstemd og trøyt, les Rom. 8, 31-39.
Når du treng kraft til gjerningi di, les Johs. 1
Vert verdi større for deg enn Gud, les Salme 90
Når du ynskjer ro og fred, les Math. 11, 25-30
Når du treng å verta åndeleg viss, les Rom. 8, 1-30
Når du vert harm og kritisk, les 1. Kor. 13
Jesu meining um bøn Math. 6, 5-15, Luk. 11, 1-13
Vil du kjenne Jesu meining um ein kristen, les Math. 5
Paulus sine reglar for din omgang med andre menneske Rom. 12
Løyndomen ved Paulus si lukke Kol. 3, 12-17
Paulus sine tankar um kristendom 2 Kor. - -
Jakobs syn på kristendomen Joh. 1, 19-27

Mor, Agnes Agneberg g. Løvik var fødd av norske
foreldre i Perth, North Dakota, USA i 1909, men vaks opp
i Skjåk. Bibelen hennar er frå 1901, ho fekk den kanskje
då ho vart konfirmert eller då ho gjekk på Viken Ung-
domsskule ved Gjøvik, før ho tok sjukepleiarutdanning på
Lillehammer. Bibelen hennar, med gotisk skrift, er 20-25
år eldre enn ein ville vente. Men namnet hennar står på
første bladet, og skrifta er hennar umiskjennelege hand-
skrift. Kanskje 'arva' ho ein Bibel etter foreldra?

I Noreg brukte ein lenge den danske bibelomsettinga, med
berre lett fornorsking av språket etter 1814. Først i 1904
kom ei sjølvstendig omsetting frå grunntekstene til bokmål
av heile Bibelen. Den første nynorske bibelomsettinga frå
grunntekstene kom i 1921, etter at Elias Blix og Alexander
Seippel hadde stått for omsetting av delar av Bibelen frå
1889 og utover.

Gotisk skrift var den vanlege gjennom heile 1800-talet.
Sjølv om latinske bokstavar smått om senn kom meir i
bruk frå om lag 1850, heldt den gotiske skrifta seg lenge
særleg i religiøs litteratur og folkeleg litteratur, fordi folk
var meir vant med den. Skuleborna måtte lenge streve
med å lære seg begge skrifttypene, ikkje berre å lese, men
øg å skrive. Dette var ei stor pedagogisk utfordring som var
årsak til mykje diskusjon. Ei skuleutgåve av Bibelen med
latinske bokstavar kom i 1910. Romsdals Budstikke skifta
frå gotisk til latinsk skrift i januar-februar 1911. Etter 1914
var det stort sett slutt med gotisk skrift i avisene, mellom
anna fordi den vart oppfatta som «tysk». Av same grunn
vart gotisk skrift i starten «rehabilitert» av nazistane, før
den etter kvart vart stempla som «jødisk» og bannlyst.



Etiopia – misjonsprosjektet til Vestnes kyrkjelyd

Av Håvard Skrede

Kyrkjelyden i Vestnes sokn har i rundt 20 år hatt misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) og har i alle desse åra støtta arbeidet i Etiopia.



Det har si naturlege årsak i at vi hadde ein lokal misjonær der frå kyrkjelyden vår i mange år, Elisabeth Faksen. Så sjølv om ho for ein del år sidan kom tilbake til Norge, har vi halde fram å støtte NMS sitt arbeid i Etiopia. Vi forpliktar oss til å be for og gi til arbeidet i landet, og vi får tilbake informasjon i form av nyhetsbrev og biletserie/filmsnutt. Kyrkjelyden har støtta med eit par offer i året på guds-tenester. Siste åra har også misjonskontakten saman med soknerådet arrangert nokre misjonskveldar i året her i Vestnes.

Ei hovudoppgåve Misjonsselskapet gjer i Etiopia er å støtte og løfte opp marginaliserte grupper i samfunnet. Vidare å gje menneske tilgang til utdanning og moglegheit til å lese og høyre Bibelen sine tekstar på eige morsmål. Dette styrkjer den enkelte sitt sjølvbilde, og skaper ein positiv kristen identitet. I tillegg er aktivitetar som styrkjer kvinner sin posisjon i kyrkje og samfunn ein viktig del av arbeidet. NMS jobbar også for eit meir berekraftig jordbruk og betre matvaretryggleik. Misjonsselskapet sin hovudsamarbeidspartnar i Etiopia er Den lutherske Mekane Yesus-kyrkja.



Mali - misjonsprosjektet til Tresfjord kyrkjelyd

Samandrag av tilsendt informasjon: Nils-Berge Sundfør

Tresfjord sokneråd sin avtale om misjonsprosjekt er med Det Norske Misjonsselskap (NMS) og landet er Mali i Vest-Afrika.

Styresett i Mali er republikk, men landet har etter 2012 vore prega av konflikt, uro og valdshendingar. Landet har omlag 20 mill. innbyggjarar, inkludert



3 mill. fulaniar, der jordbruket sysselset omlag 80% av innbyggjarane. Berre 2,4 % er kristne. Kyrkjelyden legg til rette for forbøn, givarteneste, formidling av informasjon og å skape interesse og engasjement for misjons-prosjektet.

Saman med misjonærar frå fleire afrikanske land og lokale medarbeidarar driv NMS eit arbeid som i hovudsak retter seg mot fulaniane, eit nomadefolk med ein sterk og stolt tradisjon. Misjonærane deler trua på Jesus i ord og handling, og

brukar tid på å byggje relasjonar til enkeltpersonar for å skape tillit og respekt. Diakonalt arbeid er ein del av dette. I samarbeid med lokale helsearbeidarar jobbar NMS målretta mot omskjering og fødselsskadar hos kvinner.

Arbeidet gir svært gode resultat, og vert drive i samarbeid med Norad. Tretten landsbyar har skrive under på at dei vil slutte med omskjering av jenter. Men arbeidarane i prosjektet møter motstand og truslar frå enkelte grupper, og er takksame for forbøn. Gjennom produksjon av radioprogram vert både kristen tru og undervising formidla via aktuelle tema. Kvar veke vert kristne program sendt ut gjennom om lag 30 lokalradioar rundt om i Mali.



NMS er i gang med omsetjing av Bibelen til fulani. Det nye testamentet vart ferdig i 2005, medan ein no held på med å omsetje Det gamle testamentet. Dei har som mål å publisere dei fem mosebøkene samla i løpet av våren 2022.

Tre kyrkjelydar møtest jamleg til gudsteneste med søndagsskule, på fulani. Kyrkjelydane har også aktive kvinnegrupper og ungdomsgrupper, ulike diakonale tiltak og evangelisering ute blant folket.

Nepal – misjonsprosjektet til Vike kyrkjelyd

Av Emil Balstad



Vike sokn sitt «misjonsland» er **Nepal**, og vi støttar Okhaldhunga sjukehus i Himalayafjella - via Normisjon.

Sjukehuset som vert drive av United Mission to Nepal ligg 8 mil frå Mount Everest, er det einaste i eit område der det bur over 250.000 menneske. Sjukehuset har over 1200 fødslar i året. Det er gratis tenester for barn under 12 kg. Sjukehuset er også blitt eit senter i Aust-Nepal for resistant tuberkulose. Normisjon støttar mellom anna et pasientstøttefond som sikrar dei fattige sin rett og moglegheit til behandling. Gjennom dette kan sjukehusrekninga bli betalt for dei fattigaste.

Normisjon har i 15 år støtta eit samfunnshelseprosjekt som har jobba med å bygge opp primærhelsetenesta i heile Okhaldhunga-distriktet. Prosjektet blei avslutta i 2019 med gode og varige resultat. Målet er at alle skal få lik rett til behandling ved sjukdom og skadar, og tilstrekkeleg kunnskap om ernæring og barna si helse. Dette har ført til ei radikal forbedring i helsetilstanden for kvinner og barn.

Normisjon har vore med på å bygge ut sjukehuset som no er godkjent for 50 sengeplassar. Det nye sjukehuset er bygd jordskjelvssikkert, og har i tillegg ein heilt ny mødreventenheim som vil sikre enda fleire trygge fødslar.

I april 2019 vart det også opna ein sjukepleiarskule som vert driven ut i frå sjukehuset. Alle studentane er kastelaus jenter som har fått så gode karakterar, og kjem frå ein så fattig bakgrunn, at dei har fått stipend av staten som dekkjer både studieplass, husrom og mat gjennom heile studieperioden. No er det Liv Wendel som er utsending til Okhaldhunga for Normisjon. Liv er jordmor og skal mellom anna følgje sjukepleiestudentane i praksis på fødeavdelinga og rettleie tilsette der og på mødreventheimen.



Pga. Covid er utdanningsløpet for studentane forseinka, men dei har no fått begynt på sitt tredje og siste år, der jordmorfag er ein stor del av pensum. Også der har klasseromma blitt stengde i periodar. Online undervising der studentane følgjer med på mobilane sine på ustabile nett, og ustabil straumtilførsel på skulen skaper utfordringar. Støtte til arbeidet på Okhaldhunga sjukehus betyr mykje for lokalsamfunnet, og er med på å vise Guds omsorg til folket der.

Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2022

Vestnes kyrkje

7. mai kl. 11.00

Tomrefjord-konfirmantar

Adriana Holm Arntsen
Anders Bårdsnes
Håkon Brastad
Ingvild Djupvik
Erik Silva Eik
Petter Kornelius Eik
Kristian Leander Eiken
Angelina Evensen
Hanne Sofie Frøystad
Emma Sterten Hanssen
Sandra Saengdee Hjelvik
Ian Sæterøy Hurlen
Luckas Lervik
Henning Frostad Lyngvær
Eskil Rekdal
Noah Alexander Skogvoll Sanden
Robin Edvard Solheim-Johansen
Celina Elise Tennøy Vegsund
Krystian Wojtowicz

Fiksdal kyrkje

14. mai kl. 13.00

Anders Olai Nakken Rekdal
Astrid Linnea Havnsund Bårdsnes
Fynn Luca Daniel
Helene Søberg
Jim Bjarne Nakken
Kim Levi Holten Frostad
Leo Ringsby
Sevastien Kieth Camello Nakken
Synne Bergheim

Tresfjord kyrkje

14. mai kl. 10.30

Ingeborg Ovedie Sørholt Sætre
Oliver Sætre
Ragna Oline Johanne Sandøy
Vildrid Evelina Vestnes

Vike kyrkje

26. mai kl. 13.00

Elliot Nyhagen Clarke
Gustav Villa Krogseth
Hans Villa

Vågstranda kyrkje

26. mai kl. 10.30

Thea Malina Haukeberg
Stefan Dyrhaug Sandvik
Sandra Talberg
Sofie Henriksen Talberg
Lilja Kristin Talberg

Vestnes kyrkje

26. mai kl. 11.00

Vestnes-konfirmantar

Linea Strømsnes Aas
Lea Utgård Andreassen
Susanne Aas Bjørnesen
Egil Dalhaug
Martinus Alejandro Furland Frostad
Tone Myrhaug Gridsvåg
Linnea Lien Hestmark
Nathaniel Håseth
Alexander Kjelsvik
Magnus Vullum Myrhaug
Thea Alexandra Nørve Olsen
Oda Marie Søråas Selnes
Markus Aas Småge
Mathias Aas Småge
Martine Longva Sæter

Vestnes kyrkje

28. mai kl. 11.00

Vestnes-konfirmantar

Julie Adelen Aas
Alexander Tomren Bjørhovde
Andreas Kvålshagen Breivik
Sheena Marie Catipay
Peter Linus Rypdal Flølo
June-Sofie Bjermeland Gresdal
Anton Krol-Tronsgård
Isac Andre Liabø
Markus Taklo Lien
Kristin Mari Lihaug
Noah Malme
Sina Solskjær
Adrian Stokkeland
André Møller Sunde
Martine Kitty Ødegård




Foto: Ruth Simensen

Konfirmanttida i Vestnes

Konfirmanttida i kyrkja er ikkje berre for deg som trur, men like mykje for deg som tviler eller berre er nysgjerrig. I Vestnes er det dei fleste ungdomane som følgjer denne tradisjonen.

Konfirmanttida vil innehalde ulike opplevingar, undervisning og samtaler om Gud, kristen tru og utfordringar livet kan gje oss. Samlingane kan handle om kjærleik, fridom og ansvar. Vi bruker konfirmantbibelen og snakkar om livet på godt og vondt. Du vil bli betre kjend med kyrkja du høyrer til og delta i fellesskap og aktivitetar i kyrkjelyden.

Vi vil gjennom året ha undervisning i grupper, felles temasamlingar med dei andre konfirmantane i Vestnes, «gudsteneste med trøkk», leir og fasteaksjon - for å nemne nokre stikkord.

I år blir leiren ein busstur til Nidarosdomen med overnatting på Imi Stølen på Oppdal. Vi får lære om Heilag Olav, kristninga av Norge og omvisning i Erkebispegården med riksregaliane.

Vil du vere med i ei inkluderande folkekyrkje, er konfirmanttida ein fin måte å finne ut det på.

Helsing konfirmantlærarane John, Ellen og Nina

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døypte:

06.02. Nathalie Ballon Frostad

20.03. Mia Tomren Engen

20.03. Leo Philip Marples

(velsigning av dåpsbarn)

Vigde:

28.12. Gro-Malen Kristoffersen

Brønnestad og Kevin Lee Skorgen

08.01. Janella Doncillo og

Francis Vic Luigi Baguio

22.01. Casimir Dogbey og

Yolanda Fulvadora Garces

Døde:

18.11. John Tomren

19.11. Johan Furland

08.12. Anna Helland

16.12. Torvald Storsten

24.12. Per Richard Larsen

31.12. Odd Nordeide

31.12. Arnljot Faksen

02.01. Dag Frode Ødegård

07.01. Frode Henjesand

20.01. Henry Løseth

20.01. Einar Sterten

20.01. Svein Helge Monsen

18.02. Kirsti Selnes

05.03. Jenny Vik

08.03. Bjørnar Orten (gravl. Molde)

09.03. Randulf Krogsæter

14.03. Hildur Sissel Nerås

Vike kyrkje

Døde:

23.11. Bergfrid Krogset

25.12. Sverre Lindset

18.02. Unni Leikarnes

Fiksdal kyrkje

Døde:

01.01. Solvor Karin Engvik Rekdal

16.03. Peter Fylling

Tresfjord kyrkje

Døypte:

13.02. Knut Jakob Nyrud Bruaset

13.02. Emrik Dyrkorn Vestnes

Døde:

24.09. Gunnhild Bjermeland

15.11. Lars Bjermeland

13.01. Helge Frostad

16.01. Jarle Noralf Kristiansen

(gravl. Moe i Orkanger)

20.01. Oddbjørn Løvik

02.02. Randi Margrethe Larsen

14.02. Kåre Lislien

16.03. Øystein Løvik

Vågstranda kyrkje

Døde:

23.01. Einar G. Holen

(gravl. i Heidal)

Gudstenester i Vestnes

Endringar kan komme, sjå oppdatert oversikt på heimesida til kyrkja: www.vestnes.kyrkja.no

10. april Palmesøndag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste.

Takkoffer til Barnevakten.

14. april Skjærtorsdag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

15. april Langfredag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til MF vitskapelege høyskole.

Stella Maris kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

17. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste.

Takkoffer til Israelsmisjonen.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgtidsgudsteneste.

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Etiopia.

18. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

24. april 2. s. i påsketida

Vågstranda kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Takkoffer til Join Good Forces.

30. april Laurdag

Tresfjord kl. 15.00

Felles ung messe for alle

konfirmanter i Vestnes kommune.

07. mai. Laurdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon Tomrefjord.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

14. mai Laurdag

Tresfjord kyrkje kl. 10.30

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til eige arbeid.

17. mai Nasjonaldagen

Fiksdal kyrkje kl. 10.00

Gudsteneste. Takkoffer til Laget NKSS.

Tresfjord kyrkje kl. 10.00

Gudsteneste. Takkoffer til Kyrkjestova.

Vestnes kyrkje kl. 11.45

Gudsteneste.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon

Vike kyrkje kl. 11.30

Gudsteneste.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

Vågstranda kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

22. mai 6. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse.

Takkoffer til Åkerlehaugen.

26. mai Kristi himmelfartsdag

Vågstranda kyrkje kl. 10.30

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til Kirkens SOS.

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste,

Helland, gruppe 1.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

framhald side 20

framhald frå side 15 Gudstenester i Vestnes

Vike kyrkje kl. 13.00
Konfirmasjonsgudsteneste.
Takkoffer til eige konfirmentarbeid.

28. mai laurdag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste,
Helland, gruppe 2.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

29. mai søndag før pinse
Korsstøneset kl. 12.00
Friluftsgudsteneste.

05. juni Pinsedag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

06. juni 2. pinsedag
Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Kveldssong. Takkoffer til Barnevakten.

12. juni Treeiningssøndag
Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Barnevakten.

19. juni 2. s. i treeiningstida
Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00
Friluftsgudsteneste.
Takkoffer til eige arbeid

26. juni 3. s. i treeiningstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

03. juli 4. s. i treeiningstida
Stall Kjersem kl. 16.00
Friluftsgudsteneste.
Takkoffer til Amatheia

10. juli 5. s. i treeiningstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vike kyrkje kl. 13.00
Høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal.

17. juli 6. s. i treeiningstida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet.

24. juli 7. s. i treeiningstida
Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

29. juli Olsok
Tresfjord kyrkje kl. 18.00
Olsokgudsteneste. Dâm og Drag deltek.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

31. juli 8. s. i treeiningstida
Vike kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Kyrkjebladet.

07. august 9. s. i treeiningstida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Bibelselskapet.

14. august 10. s. i treeiningstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til
Norges Kristelige Student- og ungdomslag

21. august 11. s. i treeiningstida
Vike kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med presentasjon av
konfirmentar. Takkoffer til KRIK Vestnes.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00
Gudsteneste med presentasjon av
konfirmentar. Takkoffer til Krik-Vestnes.

28. august 12. s. i treeiningstida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste m/ presentasjon av
konfirmentar. Takkoffer til eige arbeid.

Vestnes kyrkje kl. 18.00
Gudsteneste med presentasjon av
konfirmentar, Vestnes og Tomrefjord.
Takkoffer til eige konfirmentarbeid

04. sept 13. s. i treeiningstida
Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste med presentasjon av
konfirmentar.
Takkoffer til Kirkensbymisjon.

11. sept. 14. s. i treeiningstida
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Hausttakkefest.
Utd. av 4-årsbok. Takkoffer til Mali.

18. sept. 15. s. i treeiningstida
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Jubileumsgudsteneste.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

25. sept. 16. s. i treeiningstida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Hausttakkefest.
Utd. av 4-årsbok. Takkoffer til IKO.

Vestnes kyrkje kl. 13.00
Familiegudsteneste. Hausttakkefest. Utd.
av 4-årsbok. Takkoffer til IKO kyrkjeleg
pedagogisk senter.

02. okt. 17. s. i treeiningstida
Tomrefjord kristne forsamlingshus kl. 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer til Rådet for psykisk helse.

Vike kyrkje kl. 13.00
Familiegudsteneste. Hausttakkefest.
Utd. til 2- og 4-åringar.
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal.

09. okt. 18. s. i treeiningstida
Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Høgmesse.
Takkoffer til Bibelselskapet.

16. okt. 19. s. i treeiningstida
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet.

23. okt. 20. s. i treeiningstida
Vågstranda kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Hausttakkefest.
Utd. til 4-åringar og 5. klasse.
Takkoffer til Kyrkjebladet.

31. okt. Bots og bededag
Vestnes kyrkje kl. 11.00
Felles misjonsgudsteneste for alle sokna i
kommunen. Takkoffer til SMM Møre.

06. nov. Alle helgensdag
Fiksdal kyrkje kl. 11.00
Minnegudsteneste.
Takkoffer til Kirkens SOS.

Tresfjord kyrkje kl. 11.00
Minnegudsteneste.
Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

Vestnes kyrkje kl. 13.00
Minnegudsteneste.
Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

Vike kyrkje kl. 13.00
Minnegudsteneste.
Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

Vågstranda kyrkje kl. 17.00
Minnegudsteneste. Takkoffer til eigen
kyrkjelyd.

13. nov. 23. s. i treeiningstida
Tomrefjord kristne forsamlingshus kl. 11.00
Familiegudsteneste. Lys våken.
Takkoffer til Søndagsskulen i Norge.

Vestnes kyrkje kl. 13.00
Familiegudsteneste. Lys våken.
Utd. til 5. klasse.
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

20. nov. Kristi Kongedag
Vike kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste. Lys våken.
Utd. til 5. kl., Tresfjord og Vike.
Takkoffer til utsmykking av kyrkja.

Vippsnr. for ofring:
Vestnes sokn: 108523
Vike sokn: 89676
Tresfjord sokn: 513574
Fiksdal sokn: 555355
Vågstranda sokn: 502022